



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

SFEhopp – Cup, REGLEMENT

HK/KK vidarefører SFE rekutterings-cup i hopp med følgjande regelverk, modifisert frå starten men tilpassa noko i høve til ulik aktivitet i regionane.

SFE-cupen på snø har tre parallelle cup `ar med inntil 4 lokale renn i kvar del (region) av fylket, før ein møtest til ein felles finale for heile fylket.

Spørsmål ved gjennomføring stilast til adm. sjef Yngve Thorsen (tlf. 92601421) eller komitemedlem, og ansvarleg for gjennomføring, Jon Ove Lomheim (tlf. 91721076)

Alder og bakke inndeling

10 år og yngre:	max K-20	11-12 år:	max K-35
13 år –14 år	max K-50	15 år og eldre	max K-70

Men det er fritt val for arrangør og løparar å velja mindre bakkar.

Klasseinndeling (konkurranseklassar)

Klasseinndeling er 10 år og yngre (ei klasse), 11-12 år, 13-14 år, 15-16 år og 17 år og eldre. Det skal heile tida vere separate klassar for jenter og gutter, dvs. at gutter og jenter skal ha kvar si resultatliste og premierast kvar for seg.

Berre lengde er teljande i lokalrenn

Det som er helt spesielt med desse renna er at det kun er lengde som er teljande, dvs stildømming blir ikkje gjennomført i denne cup `en. Det vil heller ikkje telje negativt med fall. Det blir lagt opp til minimum to omgangar, helst tre omgangar i kvart renn der to er teljande.

Finalerennet gjennomførast med stildømming til liks med vanlege krinsrenn.

Premiering:

1. Premiering i lokalrenn (enkeltrenn).

- I klassen 16 år og yngre skal alle ha ein liten minnepremie i kvart lokalrenn.

2. Samanlagtpremiering:

- Ingen samanlagtpremiering i klassen 10 år og yngre.
- I klassane 11 år og eldre får alle minnepremie som har delteke i tre renn av 5 renn. Dei tre beste i kvar klasse får gradert premie, men føresett at ein har delteke i minst 2 av 4 lokalrenn.
Resten får lik deltakarpremie/ minnepremie.
- Alle kan delta i «lokalrenn» i andre enn sin «eigen region».



NORGES
SKIFORBUND

SØGN OG FJORDANE
SKIKRINS

3. Lagspremie:

- a) Alle deltagarar t.o.m. 16 år gjev laget 2 poeng for kvart renn i dei lokale renna.
Deltakar f.o.m. 17 år gjev laget 1 poeng.
- b) Dei tre beste klubbane i dei lokale renna får ein premie på:
Nr 1: kr 4000,-
Nr 2: kr 3000,-
Nr 3: kr 2000,-

Dersom beste lag i ein region ikkje er blant dei 3 vinnarane, får dette laget ein premie på kr. 1 000,-.

Individuell poengbereking i klassane 11 år og eldre:

- a) Deltakar (hoppar) får poeng i kvart renn ut frå poengsystemet som står opplista nedanfor.
- b) Berre 3 lokale renn tel i samandraget, dvs. därlegaste poengsum i lokale renn kan strykast om hoppar deltek i fleire enn 3 «lokale renn».
- c) I finalerennet vert poengberekinga dobla.

Poengbereking:

1. plass - 30 poeng	2. plass - 25 poeng	3. plass - 20 poeng
4. plass - 17 poeng	5. plass - 14 poeng	6. - 16 plass gir 11- 1 poeng

Lik plassering gir same poengsum. Neste plass på poengskalaen skal då hoppast over.
Døme: Delt 3. plass gir 20 poeng til begge. 5.plass gir då 14. poeng.

Startkontingent:

Det skal ikkje vere startkontingent på dei lokale renna, men på SFEhopp Cup Finale skal det vere ordinære satsar for startkontingent i høve til Norges Skiforbund sitt reglement.

Resultat:

Skal sendast pr. e-post til krinskontoret umiddelbart etter at rennet er avvikla, listene vil deretter bli publisert på www.skikrinsen.no Krinsen held oppdatert poengberekningsliste etter kvart renn som vert innmeldt.

Sogn og Fjordane Skikrins
Hopp- og kombinertkomiteen

Hafslø/ Førde, 06. desember 2016